



KOMMENTARAR FRÅ SAMNANGER KOMMUNE – TIL BERNTUTVALET SI INNSTILLING TIL HEILSKAP OG PLAN I SOSIAL- OG HELSETENESTENE

NOU 2004:18 – ”Helhet og plan i sosial- og helsetjenestene” vart lagt fram til Helse- og omsorgsdepartementet og Arbeids- og sosialdepartementet 11.oktober 2004, basert på ei utgreiing frå eit utval leia av professor Jan Fridtjof Bernt, oppnemnd ved kongeleg resolusjon 21.mars 2003.

Om samordning og samhandling i kommunale sosial- og helsetjenester.

Høyringsfrist: 01.04.2005.

Utvalet sitt forslag

- Ei ny felles lov om sosial – og helsetjenester i kommunane.
- Denne skal erstatta dagens kommunehelsetjenestelov og sosialtjenestelov.

Hovudpunkt i mandatet

- Utgreia og foreslå harmonisering av den kommunale helse-og sosiallovgjevinga.
- Siktemål å:
 1. Sikra einsarta regulering av likearta tenester.
 2. Sikra heilskapelege tilbod til brukarar med samansette behov.
 3. Hindra ansvarsfråskriving.
 4. Forenkla regelverket for brukarar, tenesteytarar og kommunar.
 5. Lovforslag basert på at kommunane skal ha stor fridom til å velga organsiering av tenestene sine.
 6. Ikkje vesentlege endringar kva gjeld innhald i tenestetilbodet eller vilkåra for krav på tenester.

Spesielle utfordringar

- Personar med omfattande og samansette behov.
- Å sikra heilskap i tenestetilbodet og heilskapeleg tilnærming til tenestemottakarane sine behov.
- I sikra likeverdige tenestetilbod.
- Ulike teiepliktreglar og kontrollregimer som vanskeleggjer samordning.
- Reglane må ikkje svekka profesjonaliteten i dei ulike tenestene.
- Reglane må ikkje medføra ei komplisering og byråkratisering av dagens tenestetilbod.

Hovudgrep

- Gjera det enklare for tenestemottakar å forholde seg til hjelpeapparatet.
- Sikra samarbeid mellom ulike delar av hjelpeapparatet.
- Etablera eit system for overordna fagleg styring og kvalitetssikring av samansette tenestetilbod.
- Dei ulike faga skal bevarast intakt.

Helse- og omsorgsdepartementet
Vedlegg III
S.nr. 2004/05/35 - 131



Samnanger kommune sine merknader:

- Positivt med vekt på sosial – og helsetenester, med fokus på ny tankegang med sosial først, noko som er ei ny vektleggjing enn før.
- Tenestemottakar skal erstatta klient og pasient. Tenestemottakar er ei uklår og vag nemning, som ikkje vil dekkja godt nok alle dei som har krav på ulike tenester. Det vil vera best å fortsatt ha ulike nemningar fordi det vert då klårare for tenesteytarane kven som skal ha ulike typar hjelp og bistand.
- I forhold til individuell plan er utvalet delt i eit fleirtal og eit mindretal. Mindretalet sitt forslag ved utvalsmedlemmet Gullestad, vert uklårt med bruk av at kommunane ”kan” utarbeida individuell plan dersom visse vilkår er oppfylde, noko fleirtalet påpeiker skal vera eit rettskrav og ei sjølvstendig plikt for kommunane uansett. Samnanger kommune meiner at fleirtalet si innstilling her vil vera det som dekkjer best det å utarbeida individuell plan, grunna den einskilde sin rett til å få utarbeidd individuell plan.
- Det er særst positivt at forslaget legg vekt på menneskeverd og personleg integritet, noko som er nytt i forhold til å lovfesta dette no. Dette er å vektleggja respekt for den einskilde på ein tydeleg og god måte.
- Utvalet legg vekt på omgrepet ”fagleg forsvarlighet”, både kva gjeld innhald og omfang. Dette er særst positivt, og spesielt at prinsippa i den såkalte ”Fusa-dommen” frå 1990 vert lagt til grunn, som seier at økonomiske forhold i kommunen er relevant, men at ein ikkje kan som kommune gå under ein viss minstestandard. Men det er viktig i tillegg til det rettslege omgrepet i ”Fusa-dommen”, og også ta omsyn til det faglege med utgangspunkt i sakkunnige uttaler om kva som er akseptabelt utifrå eit profesjonelt synspunkt. Det er også viktig at forskrifter og sentrale rettleiande retningslinjer vert normdannande, og at parkasisen til tilsynsmyndigheitene også vert normdannande.
- Utifrå forslaget § 1-5 pkt. 3. skal foreldre/barneverntenesta gjeva samtykke til tjenester for born under 16 år, hvis anna ikkje følgjer av særlege lovheimlar eller av arten av tiltaket. Samnanger kommune vil påpeika at det er nokre kryssande omsyn her. Dette utifrå at ein som fyller 15 år har partsrettar etter forvaltningslova, kor det skal leggjast avgjerande vekt på kva ungdomen meiner. Dette kan til dømes vera aktuelt med omsyn til bruk av p-piller, og ved kjønnslemlesting av spesielt ungdomar frå andre kulturar enn den norske. Kommunen saknar ei meir tydeleg grensedraging her.
- Utifrå forslaget § 2-2 pkt. 1 skal det gjevast ”nødvendige sosial – og helsetjenester”. Samnanger kommune meiner at dette er eit for lite spesifisert og eit for unyansert omgrep, som må presiserast klårare og nærare.




- Utifrå forslaget § 5-2 pkt. 2 i forhold til bruk av tvang og makt ovanfor personar med psykisk utviklingshemming, er det nytta forslag til lovtekst på at ” bruk av inngrepande varslingsystemer med tekniske innretningar skal alltid regnes som bruk av tvang eller makt”. Samnanger kommune meiner at dette er uklårt og må presiserast nærare.
- Vedkomande unntak frå teieplikta nyttar utvalet i forslaget § 9-3 litra f), ” at opplysningar gis vidare når tungtveiende private eller offentlige interesser gjør dette rettmessig”. Samnanger kommune synes dette er ei uklår formulering, og meiner at dette må presiserast meir.
- I lovforslaget § 9-8 pkt. 1 vert det slått fast at sjølv om tenestemottakar samtykkjer, skal opplysningar som er underlagt teieplikt, ikkje utleverast eller stadfestast til bruk i saker om tilsettingsforhold, forsikring, kredittvurdering og liknande. Samnanger kommune finn dette noko spesielt, at eit samtykke frå personen det gjeld ikkje kan leggjast til grunn for ovannemnde. Dette bør endrast slik at eit samtykke må kunna leggjast til grunn.

KONKLUSJON

Med unnatak av ovannemnde kommentarar/merknader frå Samnanger kommune, meiner kommunen at forslaget er godt og som inneber at kommunen får eit godt arbeidsredskap i det vidare arbeidet i forhold til samordning og samhandling i kommunale sosial- og helsetenester.

Tysse, 01.04.2005

Med helsing



Thore Austnes
Sosialleiar